



RESOLUSJON

Vedtatt av Studentparlamentet UiB
Møte SP 18-19/06, mandag 28. januar 2019

Avkolonisering av akademica

Gjennom debatten knytt til avkolonisering av akademica har Studentanes og Akademikaranes Internasjonale Hjelpfond (SAIH) lyfta korleis akademica i større grad må opnast opp for mangfald og perspektiv frå ulike kulturar. Derfor meiner Studentparlamentet at Universitetet i Bergen (UiB) skal inkludere fleire ikkje-vestlege perspektiv og kunnskapssystem, og gjennom dette bryte opp skeive strukturar i akademica. Det er likevel viktig at dette ikkje går på kostnad av empirisk metode og kvalitet i forskning og utdanning.

Studentparlamentet ved Universitetet i Bergen meiner at

- Universitetet i Bergen bør formidle eit mangfald av perspektiv og kunnskap som ikkje einsidig fremjar ei vestleg kunnskapsforståing.
- Ved utdanning på Universitetet i Bergen bør verdssynet, kulturen og kunnskapsforståinga til urfolk og afroetterkommarar anerkjennast.
- Universitetet i Bergen skal jobba for åpenhet rundt det mangfaldet i verdenssyn og kunnskapsforståing som finst innan akademica.
- Utdanning ved Universitetet i Bergen skal yte til at studentar er i stand til å identifisere skeive strukturar og kva påverknad desse har for studentane og akademikarane sine føresetnader og moglegheiter innanfor akademica.